



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.: «REF»

Vår dato: 07.09.2017
Vår ref.: 2017/9167
Arkivnr.: 433.6

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

«KONTAKT»

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Informasjonsbrev til grunneigar av utvalt naturtype hol eik

Dette brevet har som føremål å informera deg om at det på din eigedom er kartlagt den viktige naturtypen hole/store eiker. Vi vonar at du så langt som råd vil gjere ditt for å ta vare på desse flotte gamle tre-kjempene for ettertida.

Det blir gjort ein stor innsats nasjonalt for å betra kunnskapsgrunnlaget innanfor naturtypar, då særleg dei såkalla utvalde naturtypane. Hole/store eiker er ein slik naturtype. Fylkesmannen i Rogaland er pålagt å leggje til rette for ei slik kartlegging av desse naturtypane, og hjelpe til med oppfølginga.

Gamle eiketree har heilt spesiell naturverdi. Dette er fordi mange av artane som har gamle eiker som levestad er truga og sjeldne.

Eik er truleg det treslaget i Skandinavia som er levestad for flest artar. Di eldre treet er, di fleire artar har fått tid til å etablere seg. Det kan vere 1500 ulike artar av insekt, sopp, lav og anna som er knytt til eika.

Gamle eiker er sjeldne i europeisk målestokk. Grunnen til dette er at dei tidlegare blei brukte som skipstømmer og liknande. Dei norske eikene står i ytterkanten av eika si utbreiing, ettersom eika likar seg best i varmare klima. I Rogaland, lengst sørvest i landet, har vi etter måten mange av desse trea, og vi ser det difor som eit spesielt ansvar å ta vare på naturverdiane knytt til dei.

Når ein har kartlagt verdifull eik har ein sett etter tre med omkrins på over 200 cm i brysthøg, men og tre med 95 cm omkrins dersom treet har synleg holrom. Holrom i eika har samband med alderen. Veldig få eiker under 100 år har holrom, medan dei aller fleste over 400 år har slike holrom. Holromma er særskild viktig for både hekkande fugl og ikkje minst insektmangfaldet.

Kva betyr dette for deg som grunneigar?

For å beskytte desse spesielle naturverdiane har naturtypen hol eik fått status som «utvald naturtype». Det er vedteke ei eiga forskrift som tek sikte på å behalde desse flotte tre-kjempene for ettertida. Forskrifta inneber ikkje noko automatisk vern, men grunneigarar, tiltakshavarar,

kommune og andre offentlege aktørar må gjere det som er rimeleg for å unngå skade på trea. Unntaket frå forskrifta er eiker som står i produktiv skog.

Det at eika er ein utvald naturtype betyr i praksis følgjande:

Alle tiltakshavarar har ei særleg plikt til å opptre aktsamt; altså at ein så langt som råd tek vare på og ikkje øydelegg trea. Det beste for naturverdiane er at sjølve treet og rot-sona får stå i fred, eventuelt med forsiktig skjering av greiner når det måtte vere naudsynt m.a. i høve til dømes landbruksdrift og tryggleik. Eika liker god plass, og det er derfor ønskjeleg at buskar og småtre vert rydda vekk omkring trea.

Du har såkalla meldeplikt til kommunen om du ønskjer å utføre jord- eller skogbrukstiltak som direkte kan skade slike eiker. Dette må meldast til kommunen før tiltaket blir utført. Vi legg ved informasjon som gjer nærmare greie for dette.

Dersom du ønskjer å skjøtte ei eik, f.eks. ved å rydde unna konkurrerande vegetasjon eller nytta forsiktig beiting, kan det søkjast tilskot til dette. Du kan leggja inn søknaden i det elektroniske søknadssenteret til Miljødirektoratet – soknadssenter.miljodirektoratet.no. Søknadsfristen er 15. januar kvart år.

Det blir sagt at eik lever i 500 år, og døyr i 500 år. Ver derfor merksam på at både daude greiner i trekrona og parti med daud ved på stamma er naturleg hjå eldre eiker. Dette er ikkje eit teikn på sjukdom eller liknande, men er derimot viktig levestad for mange av sopp- og insektartane.

Vedlagt ligg ein brosjyre om naturtypen «hul eik».

Skulle du ha spørsmål eller merknader til saka så kontakt gjerne seniorrådgjevar Audun Steinnes (tlf. 51568912, epost: fmrosas@fylkesmannen.no) eller Per Kristian Austbø tlf 51568910, epost fmropka@fylkesmannen.no

Så vonar vi at du set pris på å ha desse gamle tre-kjempene på din eigedom, og at du vil ta godt vare på dei for framtida.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernssjef

Kasper Eiane
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Kasper Eiane
Saksbehandlar telefon: 51568930
E-post: fmrokei@fylkesmannen.no

Vedlegg:

Naturverdiar knytt til eik i Rogaland

Eika er eit vanleg tre i låglandet i Rogaland og finst oftast på fattig grunn, men trivst og på rikare grunn som det er lite av. I Dalane dominerer ho delvis som ei forlenging av eikeskogane på Sørlandet, men finst og som lundar i kystlyngheiane eller i kulturlandskapet elles. Eika har her vore økonomisk viktig og hoggen jamt, så det er derfor lite stor, gammal eik. I resten av fylket finst eika mest berre i sørhallingar, oftast som opne, beita eikehagar eller som spreidde tre i kulturlandskapet. Dei fleste eikehagane er prega av gjødsling. Ein større del av eikene her er store, men berre nokre få er gamle, hole kjemper. Eikehagar og frittstående eiker er eit viktig innslag kulturlandskapet i midtre fjordstrok i Ryfylke og Nord-Rogaland og i dalføra i Sørfylket.

Nasjonalt er det mange raudlisteartar knytt til store eiker. Mange av desse er biller knytt til vedmolda inne i hole eiker og sopp knytt til daud ved, mange er varmekjære med ei søraustleg utbreiing. Desse artsgruppene er lite undersøkte i Rogaland. Dei fleste store eikene i Rogaland har ein omkrins under 250 cm, er ikkje svært gamle, og har ikkje ein særleg rik påvekst av lav og mosar. Av 50 store eiker i Sandnes og Stavanger var det raudlista artar på 6 av dei. Ein av dei, lavarten *Rinodina isidioides* er andre funn i landet, og er kritisk trua. Denne vaks på borken av ei kjempe med omkrins på 331 cm. Det gjeld for eik som for andre treslag, at den rikaste påveksten av lav og mose finst i dei fuktigaste låglandsområda, midtre fjordstrok i Ryfylke - nordre Sandnes.

Det er så langt registrert 588 store eiker i Rogaland som ligg i Naturbasen. På desse er det kjend 11 raudlista artar, 8 lav, to sopp og ein mose, men registreringane er mangelfulle. Om lag 30% har fått verdien «Svært viktig». Det er dessutan registrert ein del eikehagar. Her kan brukaren få tilskot frå Regionalt miljøprogram om dei blir beita moderat og ikkje gjødsla. Desse eikehagane er eller kan bli oasar for pollinerande insekt og anna biologisk mangfald i kulturlandskapet i Rogaland.



Stor eik, Hjelmene i Hjelmeland



Praktlav er ein av raudlisteartane som finst på stor eik



Fylkesmannen har laga ei nettside om hole eiker der du mellom anna dette brevet finst med aktive lenker. - <https://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Miljo-og-klima/Naturmangfald/Informasjon-om-utvalt-naturtype---Hol-eik/>

Fylkesmannen i Oslo og Akershus har også laga ein info-brosjyre som er tilgjengeleg her:

<https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMOA/Milj%C3%B8%20og%20klima/Brosjyrer%20og%20faktaark/Eik%20brosjyre.pdf>

Er du som grunneigar interessert i ytterlegare informasjon om naturtypar på eigedomen?

Sjekke ut nettsida: <http://nibio.no/>

- Heilt nede på sida kan du trykke på **Gårdskart**, deretter skriv du inn din kommune, gards- og bruksnummeret ditt - **VIS GÅRDSKART**
- Du vil då få opp eit kart over eigendommen din, samt ein tabell i venstre hjørne kor det står **Andre kartlag**. Under andre kartlag finn du ei kolonne ved namn **naturtypar** som du må krysse av.
- Etter at du har kryssa av for naturtypar vil du få opp ein figur på kartet som viser kva naturtypar som eksisterer innanfor området ditt.
- Klikk på figuren på kartet (den med horisontale striper), og du vil få opp informasjon - mellom anna områdenamn, naturtype, naturskildring, verdi o.l.

Du kan deretter klikke deg inn på **IID** nummeret og få opp eit faktaark om dette spesifikke området. Her vil det mellom anna stå om kvifor området ditt er så verdifullt, kva artar som er der, ulike påverknad, og eventuelle bilete av området.

Denne informasjonen samt mykje anna om naturtypar, artar og miljø, ligg også inne i Temakart Rogaland - <https://www.temakart-rogaland.no/>